

Høring Reinelv Kraftverk i Lyngen

Mattilsynet er høyringspart etter energiloven § 2-1, vassdragsreguleringsloven § 6 nr 1, og vannresursloven § 24, i konsesjonsøknader for kraftverk. Av desse paragrafane går det fram at plan- og bygningsloven sine bestemmelser om innsigelse skal tilpassast konsesjonslovene.

Mattilsynet forvalter Matlova, Forskrift om vannforsyning og drikkevann og dei delene av Forskrift om rammer for vannforvaltningen som omhandler drikkevatn.

Mattilsynet er den einaste statlege myndighet som ivaretak drikkevannsinteressene i konsesjonssaker.

Det er sterke føringar frå Helse og omsorgsdepartementet om å arbeida målbevisst for å heva drikkevannskvaliteten og sikkerheten i alt frå enkle private brønner til store vannverk. Dette er særleg uttrykt i **Nasjonale mål for vann og helse** (bokstav a og b) som vart vedteken av regjeringa i 2014. Det er også utarbeida eit gjennomføringsdokument for 2014-2018.

Det er eit uttalt mål i norsk og europeisk vannforvaltning at drikkevannskilder skal beskyttast særskilt. Målet er trygt drikkevatn, og eit klart uttalt delmål er **å minska behovet for vannbehandling ved å sikra god råvanns-kvalitet**. Jfr. Nasjonale mål for vann og helse bokstav i og m, og forskrift om rammer for vannforvaltningen § 17.

Nok vann og leveringssikkerhet er også eit hovedmål, jfr. Drikkevannsforskrifta § 11 og Nasjonale mål for vann og helse bokstav e.

Leveringssikkerheten skal gi god dekning for det maksimale vannbehovet og dei behova som framtidsplaner og samfunnsutviklinga fører med seg. Tilstrekkelige mengder drikkevatn skal sikrast både under normale forhold og i beredskapssituasjoner.

Reinelva er vannkilden til Sør-Lenangen Vannverk. Kraftverket har planlagt inntak i lag med Vannverket sitt inntak og har tenkt å forhøya demninga som vannverket brukar. Søknaden nemner at dei er avhengige av å få ein avtale med vannverkseigar, kommunen for å gjennomføra dette.

Vannverket Leverer vatn til ca 450 personar, til skule og barnehage og til Rekefabrikk og fiskemottak.

Det er eit forholdsvis stort vannverk i sin samanheng. Skule og barnehage er sårbare abonentar. Rekefabrikken er også svært sårbart og krev vatn av dokumentert høg kvalitet og god kvalitetssikring .

Nedslagsfeltet og vannkilden er ein stor del av den første hygieniske barrieren i vannverket. Den andre hygieniske barrieren er ei enkel vannbehandling med desinfeksjon (sil og UV-behandling). Denne vannbehandlinga er enkel og sårbart fordi den er heilt avhengig av at råvatnet er av relativt god kvalitet utan for høge tall for farge og turbiditet eller for låge verdiar for UV-transmisjon.

Vannverket har ingen beskyttelse eller tiltak som beskytter mot kjemisk forurensing. Søl av olje eller drivstoff, kan øydeleggja vannkilden for lang tid framover.

Vannverket har ikke reservevannkilde eller andre reserveløysingar. Det er heilt avhengig av at hovedvannkilden har nok vatn av sikker kvalitet heile tida.

Vannverket har ikke høydebasseng etter vannbehandlinga. Det er derfor ingen buffer som kan justera toppane i vannbehovet.

Om behovet for drikkevann

Mattilsynet finn det nødvendig å påpeika at abonentane treng reint vatn kvar dag. Utan reserveløysingar, er det svært krevjande å skaffa trygt vatn til td rekefabrikken og andre sårbare abonentar. Det er ikke rom for å bruka dager på å finna alternativ vannforsyning om uhellet skulle vera ute.

Vannmangel vil også gje uheldige ringvirkningar for næringslivet i kommunen. Rekefabrikken står her i ei særstilling.

Mattilsynets sitt ansvar er å påpeika ansvaret for å sikra vannkvaliteten og vannforsyninga.

God og forskriftsmessig vannkvalitet inneber at **det ikke skal vera fare for forurensing**. Ein del spesifikke krav til drikkevannskvalitet er lista opp i Drikkevannsforskrifta sitt vedlegg tabell 1, 2 og 3.

Det skal vera godt slingringsmon for nok vatn til nåverande behov og framtidig behov. Brannvann skal også sikrast. Vannverket sitt vannbehov må prioriterast.

Det er først og fremst i anleggsfasen det er fare for forurensing. Klargjering og påbygging av demninga vil med stor sannsynlighet gi partiklar og uklarhet i vatnet. Det er fare for forurensing med kjemiske stoff, oljeprodukt td.

Det blir også ofte ei oppblomstring av coliforme bakterier når vegetert område blir demma ned og blir ståande under vatn.

Nedslagsfeltet og inntakspunktet er hensynssone for drikkevann i arealplanen for Lyngen kommune. Kommunen bruker i dag arealplanen for å oppfylla plikta til å sikra drikkevannskilden mot fare for forurensing eller andre uheldige inngrep.

Konklusjon

Dersom konsesjon blir innvilga, må det vera ei forutsetning at det er strenge og tydelege vilkår om:

1. Tiltak som sikrer at det ikke blir kjemisk forurensing av vannkilden.
2. Tiltak som minimaliserer faren for grums, uklarhet og anna forurensing i vannkilden.
3. God og tydeleg avtale med vannverkseigar, Lyngen Kommune. Vannverket må prioriterast der det er motstridande interesser.
4. Det må vera ein god dialog med Lyngen reker. Virksomheten må sikrast forskriftsmessig reint vatn til sin produksjon. Vannkvaliteten skal dokumenterast.
5. Vannkvaliteten må overvakast nøye i den kritiske fasen. Abonentane må varslast og det må gjerast nødvendige tiltak for å sikra vannkvaliteten til forbrukarane.
6. Det må vera reserveløysingar som sikrer forbrukarane reint vatn dersom det er fare for at kvaliteten sviktar.